



Dag Eivind Hagesæter
Øvre Kråkenes 66
5152 BØNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/640 - 15/22462

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
21.12.2015

Godkjenning- Søknad om endring av tillatelse, oppføring av bustadhus på gbnr 4/62 i Beitingen

Administrativt vedtak. Saknr: 442/2015

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Det vert vist til søknad etter Plan- og bygningslova § 20-1 journalført 8.12.15 og manglande dokumentasjon journalført 17.12.2015 i Meland kommune. Søknaden gjeld endring av gitt tillatelse frå DNT sak 156/2015 8.5.2015 for oppføring av einbustad på gbnr 4/62 i Beitingen.

Endringa omfatter at huset er senka med 60 cm, topp møne og overkant golv er då oppgitt til +32,9 og 26,7 m.o.h. Ansvarleg søkjar har på situasjonskartet vist ei ny plassering av garasjen på eigedommen. Sjølv garasjen er ikkje omsøkt, og plasseringa vert vurdert ved handsaming av garasjesøknaden.

Administrasjonen har ingen merknader til endringa.

Nabovarsling:

Administrasjonen legg til grunn ansvarleg søkjar sine opplysningar om at nabovarselet er sendt rekomandert i kvittering for nabovarsel journalført 17.12.2015.

VEDTAK:

«Meland kommune godkjenner i medhald av Plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 endring av gitt tillatelse for oppføring av einbustad på gbnr 4/62 i samsvar med søknad journalført 8.12.2015. Endringa gjeld at topp møne på bustaden vert senka 60 cm til kote + 32,9 m.o.h.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Plassering og utforming av tiltaket skal vere som godkjent gjennom tidlegare godkjenning frå kommunen. Krav om avstand til nabogrense på 4 meter er absolutt, dersom ikkje anna følgjer av vedtaket ovanfor eller av tidlegare vedtak i saka.

Byggverket si plassering på tomta skal kunne dokumenterast. Slik dokumentasjon skal sendast kommunen for oppdatering av kartverket. Meland kommune krev at innmålingsdata vert sendt i gjeldande SOSI-filformat (p.t versjon 4). Dokumentasjon skal sendast inn seinast saman med førespurnad om ferdigattest eller mellombels bruksløyve.

Opplysningar om bygget som kjem fram i søknaden vert registrert for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell det bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf pbl § 21-9. tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så langt det ikkje er gjeve unntak».

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

20151221105429

20151221105452